Snart klart for utvida SPAR-parkering

01.12.2011

Området fram til Gamleskulen er snart klårt for parkering

SPAR-prosjektet har hatt ein god start. På eitpar veker er mykje gjort med opparbeiding og tilretteleggjing av området mellom butikken og kommunens område ved Gamleskulen. Om ei veke eller to vil området vera grusa og klargjort for parkering opplysar byggjeleiar Knut Magnar Teigen i Prosjektkonsult på Husnes. Dette vil bli nytta som parkeringsplass når sjølve nybygget skal reisast som ei utviding av noverande butikk.

Det blir satsa på lokale firma og det er Brødrene Musland Maskin som har entreprisen med opparbeiding av tomta.
- Men kva med dei 2 metrane av kommunen sitt areal som dei skal avgje langs Sandavegen?
- Kommunen skal sjølv opparbeide dette arealet, som vil lette trafikken til og frå SPAR.
- Korleis ser framdriftsplanen ut i store trekk?
- Det blir ingen byggjestart før like over nyttår - med opparbeiding av byggjegruva som det første som skjer. Fullføring er berekna til mai månad. opplysar Teigen.

Det er Byggpartner Kvinnherad (Frode Bu) som skal byggja.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen